# Meland kommune

Anne Lise og Oddvar Eikeland
Eikelandsvegen 91
5917 ROSSLAND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anngunn Marie Gullbrå | 27.10.2015 |
| Vår: 15/1994 - 15/19296 | anngunn.gullbra@meland.kommune.no | |

# Utført retting av matrikkelgrenser for GBNR 42/88

Eigedommen 42/88 har i mange år lege med unøyaktige/ feil eigedomsgrenser i eigedomskartet vårt. Det har kome inn spørsmål om retting av denne grensa frå heimelshavar Oddvar Eikeland.

Det er berre grensa mot hovedbruket 42/1 som er retta, og naboeigedommane får difor berre tilsendt oreintering om rettinga etter at den er utført. Rettinga er utført i samsvar med dei måla som kjem fram av skyldskiftet for eigedommen.

Heimelshavar får utskrift av matrikkelbrev for eigedommen 42/88 etter retting og naboeigedommar får utskrift av forenkla matrikkelbrev som berre tek for seg den delen som omhandlar eigedomsgrenser. I tillegg får partane tilsendt eit kartvedlegg  som viser gamal og ny grense, og måla frå skyldskiftet.

Ein gjer merksam på at rettinga ikkje har endra på utforming / storleiken av eigedommen i marka og at den framleis ligg med unøyaktig kvalitet på eigedomsgrensene . Det er framleis skyldskiftet som gjeld, men eigedommen  framstår som meir rett i kartet enn tidlegare.

I samsvar med matrikkellova §46 vert de informert om matrikkelføringa, og har rett til å klaga på den etter reglane i forvaltningslova kap. IV-VI. Klagefristen er 3 veker frå de mottek dette brevet.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Anngunn Marie Gullbrå |
| sektorsjef teknisk | fagansvarleg gis/geodata |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
42_88_nye og gamle grenser før retting

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anne Lise og Oddvar Eikeland | Eikelandsvegen 91 | 5917 | ROSSLAND |
| Katrine Skauge Terkelsen | Eikelandsvegen 181 | 5917 | ROSSLAND |
| Odny Sylvi Grønnevik | Eikelandsvegen 193 | 5917 | ROSSLAND |
| Tommie Bjørn Terkelsen | Koren Wibergsplass 7 | 5003 | BERGEN |